



MØTEINNKALLING

Utval: Komite for oppvekst
Møtestad: Formannskapssalen
Dato: 02.03.2016
Tid: 14:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 24.02.2016

Birgitte Sævik Pedersen
Leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 7/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 8/16	Protokoll frå førre møte
PS 9/16	Referatsaker Referatsaker
RS 6/16	Drøftingssak skuleskyss
RS 7/16	Forskrift om reglement for orden og åtferd ved skulane i Herøy
RS 8/16	Barnehage - Årsplan 2016
RS 9/16	Skule - Årsplan 2016

PS 7/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 8/16 Protokoll frå førre møte

PS 9/16 Referatsaker

Referatsaker

Referatsaker

Fra: Sølvi Lillebø Remøy
Sendt: 18. februar 2016 13:43
Til: Arkiv Herøy
Kopi: birgittesp65@gmail.com; Eivind Longva
Emne: DRØFTINGSSAK SKULESKYSS

Til møtet i Komite for oppvekst 2.mars melder vi inn Drøftings sak skuleskyss.
Eivind Longva møter og vil gjerne presentere elementa og utfordringane relatert til skuleskyss i Herøy.
Dette som utgangspunkt for ei vedtakssak på møte 30.mars eller 27.april, alt etter kor raskt saka vert klar.
Det vert lagt opp til dialog med komitèen, for å få innspel i saka, samt for tenking rundt trafikksikring -
som ligg tett opp til saka om skuleskyss.
Vi håper det kan verte sett av ei ramme på ca 30 min.

Helsing

SØLVI LILLEBØ REMØY
Skulesjef

70081387 / 95764125

www.heroy.kommune.no

Forskrift om reglement for orden og åtfærd ved skulane i Herøy kommune

Kapittel 1 Innleiing

1.1 Heimel

Ordensreglementet er gjeve med heimel i Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa.

Reglementet gjeld for grunnskulen i Herøy kommune og erstattar tidlegare reglement, sist revidert 3. april 2008.

1.2 Innhald og verkeområde

Ordensreglementet gjeld for alle kommunale grunnskular og SFO i Herøy.

Ordensreglementet inneheld reglar for åtfærd, reglar for tiltak skal nyttast mot elevar som bryt reglementet (sanksjonar) og reglar for framgangsmåte når slike saker skal handsamast (sakshandsamingsreglar).

Skulane har ansvar for elevane i undervisning, arrangement, ekskursjonar der elevane er under skulen si leiing. Ordensreglementet gjeld i alle type undervisningslokale, fellesrom og uteareal, på skulevegen og når elevane har undervisning andre stadar enn på skulen sitt område, til dømes i prosjekt, leirskule og studieturar.

1.3 Skulen sitt eige ordensreglement, bl.a. om eleven sitt psykososiale skulemiljø

I tillegg til eit felles ordensreglement for Herøyskulen skal den einskilde skule arbeide ut sitt eige reglement for trivsel, orden og åtfærd. Reglementet skal ta utgangspunkt i lokale tilhøve og særleg sikre at skulen har rutine og prosedyre for å ivareta eleven sitt psykososiale skulemiljø.

SU vedtek det lokale reglementet. Alle rådsorgana på skulen skal vere delaktige i utarbeidinga av reglementet.

Ved eventuell motstrid vil opplæringslova, og det felles kommunale ordensreglementet gå føre det lokale reglementet.

Kapittel 2 Føremål, eleven sine rettar og plikter

2.1 Føremål

I Herøyskulen skal ein ha eit konstruktivt samarbeid mellom elevar, føresette og tilsette, der elevane skal lære seg til å sjå seg sjølv som medansvarlege for eit godt fellesskap der sentrale verdiar som respekt og toleranse blir vektlagt.

2.2 Rettar

Som elev har ein både rettar og plikter. Ein har krav på

- at alle behandlar deg på ein skikkeleg måte
- at andre syner deg respekt, og at dine eigedelar får vere i fred
- at ein skal vere fri for fysisk, psykisk og verbal plaging/ mobbing
- at ein får eit godt lærings- og skulemiljø

2.3 Plikter

Ein har plikt til å

- arbeide for eit godt lærings- og skulemiljø

- behandle andre på ein skikkeleg måte
- syne respekt og la andre og skulen sine egedelar vere i fred
- ikkje plage eller mobbe nokon, verken fysisk, psykisk eller verbalt

Kapittel 3 Reglar og sanksjonar

3.1 Reglar for orden og åtferd

Skulen er lærings- og arbeidsplass for mange menneske, både barn, unge og vaksne. Saman har vi eit ansvar for korleis ting fungerer i skulen. Det er viktig å skape eit godt arbeidsmiljø for både elevar og tilsette på den einskilde skule. Alle elevar skal følgje vanlege reglar i samfunnet, som til dømes alminneleg god folkeskikk. Det betyr at elevane skal

- vise omsyn og respekt for kvarandre
- vise respekt for undervisninga, og gjere sitt for å halde arbeidsro i timane
- møte presis til timar og avtalar
- gjere skulearbeidet til avtalt tid
- halde god orden
- gjere sitt for å halde skulen sitt område reint og ryddig
- ta godt vare på alt som tilhøyrer skulen, både ute og inne, og stelle fint med skulebøker og anna undervisningsmateriell
- ta godt vare på personlege eigendelar, og så langt det er mogleg unngå å ta med verdisaker til skulen.

Dette er ikkje tillate:

- banning, slåssing og å forstyrre andre sin leik
- rasistiske utsegn og handlingar
- mobbing
- seksuell trakassering
- sjikane på grunn av religion eller livssyn

3.2 Sanksjonar

Alle sanksjonar skal vere slik at elevane skal forstå kva reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere. Sanksjonane skal stå i rimeleg høve til brotet på ordensreglane. Dette gjeld både for tiltak i høve til felles ordensreglementet for Herøyskulen, og for det lokale ordensreglementet. Eleven skal om det er mogleg, få høve til gjere opp for seg.

Brot på reglar som følgje av lov eller reglement kan sanksjonerast etter reglane i dette kapitlet, om ikkje anna er særskilt nemnt.

Fysisk refsing og anna krenkjande handling må ikkje nyttast. Med fysisk refsing er det ikkje meint fysisk arbeid i samband med reparasjonar, rydding eller vask etter seg sjølv eller andre.

Kollektiv straff kan ikkje nyttast for handlingar gjort av einskilde medlemmar av gruppa.

3.2.1 Tiltak mot brot på ordensreglane

Brot på ordensreglane kan medføre følgjande tiltak alt etter alvor i saka:

- Tilsnakk av personalet ved skulen
- Munnleg eller skriftleg melding til heimen, i samband med sanksjonstiltak
- Inndraging for kortare eller lengre tid av gjenstandar som ein har med og/ eller som er brukt i strid med reglementet. Heimen skal ha melding.
- Flytting til anna klasse/ gruppe for kortare eller lengre tid (rektor gjer vedtak)
- Flytting til annan skule/ stad for kortare eller lengre tid (skuleleiar gjer vedtak)
- Bortvising av elevar i 1.-7. årstrinn i enkelttimar eller for resten av dagen (rektor)

gjer vedtak)

- Bortvising av elevar i 8.-10. årstrinn for inntil tre dagar (rektor gjer vedtak)

- Utestenging av einskildelevar frå spesielle arrangement og aktivitetar. Føresette vert informert om avgjerda, om mogleg i god tid, slik at ein eventuelt sjølv kan delta for å ta ansvaret for eleven.

- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade ein har påført skulen sin eigedom eller eigedelar (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging o.l.)

- Vere til stades på skulen før eller etter skuletid i samband med samtalar med lærar/ rektor og/ eller utføre pålagte oppgåver

3.2.2 Bortvising/ utvising

Ved bruk av vold og/ eller truslar, særleg provoserande åtferd eller grove brot på ordensreglementet, kan elevar på 8.-10. klasstrinn bli vist bort frå undervisninga i inntil tre dagar. Elevar på 1.-7. klasstrinn kan bli vist bort frå undervisninga i einskildtimar, eller resten av dagen.

Rektor vedtek bortvising/ utvising etter å ha rådført seg med lærarane/ kontaktlærar til eleven. Før det blir gjort vedtak skal eleven få høve til å forklare seg munnleg, og ein skal ha vurdert å bruke andre hjelpe- og refsingstiltak.

Foreldre/ føresette til elevane skal varslast før bortvising/ utvising vert sett i kraft. Dette gjeld resten av dagen for 1.-7. årstrinn, og før heile dagar for 8.-10. årstrinn.

3.3 Konkretisering av brot og sanksjonar

3.3.1 Ugyldig fråvær

Dersom eleven er ulovleg borte frå skulen skal heimen kontaktast for å få klarlagt årsaka til fråværet. Føresette skal involverast når fråværet går ut over eleven si læring og er forstyrrende for klassa sin totale læringssituasjon. Føresette må informerast om ansvaret dei har for eleven sitt frammøte til undervisning etter opplæringslova § 2.1.

3.3.2 Mobbing og voldeleg åtferd

Vold eller truslar om vold skal ikkje aksepterast i Herøyskulen. Dersom slikt vert avdekt, skal plan for handtering av mobbing nyttast.

3.3.3 Farlege gjenstandar

Det er ikkje lov å ta med til skulen farlege gjenstandar som kan nyttast til å skade andre. Farlege gjenstandar skal dragast inn av skulen. Ulovlege gjenstandar skal overleverast politiet. Andre gjenstandar skal hentast av eleven sine føresette.

3.3.4 Rusmidlar

Det er forbode å vere rusa, bruke, oppbevare, omsette eller ha med seg tobakk, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skulen sitt område. Skulen kan beslaglegge rusmiddel som vert teke med inn på skulen sitt område. Tobakk og alkohol skal leverast til eleven sine føresette. Ulovlege rusmiddel skal overlatast politiet.

3.3.5 Hærverk på skulen sine bygningar - og eigedelar som tilhøyrer skulen, elevar eller tilsette

Forsettleg eller aktaus skade eller hærverk på skulen sin eigedom og utstyr kan føre til erstatningsansvar overfor føresette. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av bøker og anna utstyr jmf. skadeerstatningslova § 1.1 og 1.2. Elevar som gjer hærverk kan verte pålagt å rydde opp etter seg/ reparere skadar som er gjort. Det skal takast omsyn til om eleven har nok kunnskap om arbeidet, og at omfanget står i rimeleg høve til regelbrotet.

3.3.6 Mobiltelefon, elektronisk utstyr, internett og anna relevant utstyr

Elevane skal ikkje bruke mobiltelefon i skuletida. Elektronisk utstyr som I-pad,

MP3, og liknande skal ikkje brukast i undervisningstida. Kontaktlærar kan gi løyve etter nærare avtale. Skulen er ikkje ansvarleg for tap eller skade av personleg utstyr. Slikt utstyr vert inndrege om det vert brukt i strid med reglane. Utstyret vert levert tilbake etter skuletid.

Bruk av internett skal som hovudregel berre nyttast i undervisninga. Brot på reglane vil, avhengig av situasjonen, føre til at eleven ikkje får nytte internett i eit avtalt tidsrom. Ved alvorleg og/ eller fleire reglementsbrøt, skal rektor nytte tiltak etter 3.2.1. Ulovlege tilhøve skal, etter Herøy kommune sine prosedyrar, meldast politiet.

Rulleskøyter, sparkeykkel, skateboard og liknande skal i utgangspunktet ikkje nyttast i skuletida. Har den einskilde skule spesielt tilrettelagt område for å nytte slikt utstyr, kan ein regulere bruk av dette skulen sitt eige reglement.

3.3.7 Reaksjonsmåtar ved fusk

Fusk eller forsøk på fusk får konsekvensar for vurdering/ karakter i orden. Har eleven fuska i ein prøvesituasjon skal prøva annullerast. Elevar på ungdomstrinnet skal varslast om fare for ikkje å få terminkarakter. Eksamen i eit fag kan annullerast dersom eleven har fuska eller har prøvd å fuske på eksamen. Eleven har likevel rett til å fullføre eksamen på eksamensdagen. Spørsmålet om annullering av eksamen i faget skal avgjerast av rektor. Vedtaket om annullering av eksamen kan klagast til Fylkesmannen.

3.3.8 Undersøking

Har ein god grunn til mistanke om brot på punkt 3.3.3 og/ eller 3.3.4, kan skulen si leiing undersøkje garderobeskap og bokskap som vert disponert av elevane. Skulen kan også sjekke eleven sine egedelar som lommer i klede, sekkar og baggar om det er fare for liv og helse. Om mogleg skal eleven sine føresette ha høve til å vere til stades ved ein kontroll.

3.3.9 Straffbare tilhøve

Dersom det er mistanke om straffbare tilhøve, kan rektor be om hjelp frå politiet. Eleven sine foreldre/ føresette skal, om det er mogleg, varslast munnleg samtidig som ein ber politiet om hjelp. Foreldre/ føresette skal uansett varslast skriftleg om at det er søkt hjelp frå politiet.

3.4 Enkeltvedtak

Ei vurdering om å vise bort ein elev for ein heil dag eller fleire dagar vil vere å forstå som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova (jmf. Kapittel 5). Øvrige sanksjonar og refsingstiltak vil normalt ikkje vere enkeltvedtak. Dersom avgjerda har mykje å seie for eleven som til dømes utestenging frå arrangement, bør rektor likevel vurdere å følgje sakshandsamingsreglane for enkeltvedtak.

3.5 Flytting av elev til annan skule

Når omsynet til dei andre elevane tilseier det, kan ein elev i særlege tilfelle bli flytta til ein annan skule enn nærskulen. Før skulesjef gjer vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak jmf. Opplæringslova § 8.1, 3. ledd.

3.6 Melding til politiet

Ulovlege tilhøve på skulen sitt område vil kunne bli meldt til politiet. Det er ordføraren som melder saka til politiet.

Kapittel 4 Om fastsetjing av karakterar i orden og åtferd (FOL § 3-9)

4.1 Ved fastsetjing av karakter i orden skal det m.a. takast omsyn til korleis eleven følgjer ordensreglane som er fastsett for kvar skule.

- 4.2 Ugyldig frávær kan føre til nedsett karakter i orden.
- 4.3 Ved fastsetjing av karakter i åtfærd skal det takast omsyn til korleis eleven oppfører seg på skuleområdet og elles når skulen har ansvar for tilsynet med elevane. Ein skal særleg legge vekt på korleis eleven opptreer overfor andre elevar, lærarar og andre tilsette. Ein skal også ta omsyn til korleis elevane oppfører seg mot kvarandre på skulevegen. Skuleskyss er ein del av skulevegen.
- 4.4 Ved fastsetjing av karakter i orden og åtfærd skal det til vanleg ikkje leggst avgjerande vekt på einskildhendingar jmf. Forskrift til opplæringslova § 3-5.

Kapittel 5 Sakshandsaming

Handsaminga av brot på ordensreglementet følgjer sakshandsamingsreglane i forvaltningslova (fvl) kap III – kap VI ved enkeltvedtak. Følgjande sakshandsamingsreglar skal nyttast etter brot jmf. punkt 3-4:

- 5.1 Skulen har plikt til å sikre at saka blir opplyst så godt som mogleg, og avgjersla skal treffast på eit grunnlag som er forsvarleg etter type sak og karakter.
- 5.2 Før alle type refsingstiltak vert sett i kraft, har alle elevane krav på å forklare seg overfor den/ dei som skal fatte vedtaket. Elevane har i møte med skulen rett til å ha med seg ein person. Vedtaket skal grunngjevast.
- 5.3 Grunngjevinga skal gjerast kjend samtidig med varsel om refsingstiltak. Ein kan gje grunngjevinga munnleg. Men enkeltvedtak og eventuelt andre avgjersler av alvorleg karakter, skal grunngjevast skriftleg.
- 5.4 Eleven sine foreldre/ føresette skal ha informasjon om saka. Er saka av alvorleg karakter skal foreldra, om det let seg gjere, få informasjon om saka før tiltak vert sett i kraft. Ved mindre alvorlege brot skal informasjon kome gjennom tilbakemelding i samband med vurdering jmf. Fol § 3-7 Varsling.

Kapittel 6 Ikraftsetjing og kunngjering

- 6.1 Forskrifta gjeld frå 15.08.2011
- 6.2 Reglementet for orden og åtfærd, både kommunale og lokale, skal gjerast kjende for elevar, føresette/ foreldre og tilsette ved start av kvart skuleår. Informasjonsplikta ligg på kvar einskild skule. Reglementet skal vere til ein kvar tid vere tilgjengeleg på skulane sine nettsider.

Skuleavdelinga, februar 2016
Neste revisjon seinast mai 2018

ÅRSPLAN – MÅLKART 2016

AVDELING: BARNEHAGE

MÅLSETTING

Kommunen sin visjon, *Herøy – ei båtlengd føre*, er offensiv og knyter historie og framtid saman. Gjennom identitetsbygging, skape felleskjensler og legge grunnlag for innovasjon skal ein gjere bevisste val på kva område ein skal vere i forkant.

På kva område skal avdelinga fylgje opp kommunen sin visjon og vere ein innovatør/spydspiss?

Legge til rette for gode prosessar der dette er tema på styrarmøta. For å auke bevisstheita om kva som skal til for å vere ei båtlengd føre samt bli einige om felles strategiar. Eit kvalitativt godt barnehagetilbod i samsvar med lokal rammeplan er første skritt på vegen mot å vere ei båtlengd føre.

Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Korleis skal du som leiar bidra til at Herøy sin misjon vert ivare tatt gjennom avdelinga sitt daglege arbeid?

1. Leiinga og personalet i barnehagane skal ha personleg og fagleg engasjement og vere pådrivarar til at alle barn med sine behov vert sett kvar dag.
2. Foreldre og barn skal oppleve å bli sett, høyrte og møtt på ein god måte i barnehagen

Økonomi

Kommunestyret har lagt føringar for at avdelingane skal syte for streng prioritering i drifta, satse på tiltak som frigjev ressursar, leggje grunnlag for å byggje opp bufferfond og ta ut synergjar gjennom samarbeid.

Rammeinnsparinga på dei ulike avdelingane og nedbemanning av organisasjonen er ein føresetnad for kommuneøkonomien for 2016.

Korleis skal di avdeling bidra til at kommunestyret sine føringar og forventningar om ein reduksjon i budsjettet og nedbemanning vert gjennomført i 2016 ?

1. Streng vurdering av vikarbruk
2. Ved nok søknader, overbooke litt tal barn, pkt 1 og 2 vil på sikt påvirke utbetaling til private bhgar om ein lukkast
3. Streng vurdering av søknad om ekstra ressursar
4. Nytte IA regelverket for å unngå sjukemeldingar
5. Bruk av bunde fond

Organisasjon

Kommunestyret vil utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling og utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov.

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**. Kommunestyret ber vidare om at rådmannen i samarbeid med administrasjonen og dei tillitsvalde legg fram ein plan for reduksjon av lønsutgiftene/nedbemanning innan 01.03.2016.»

Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen.

Korleis skal du som leiar bidra til å motivere medarbeidarar til nødvendig endringar og legge grunnlag for at organisasjonen sine overordna målsetjingar vert ivare tatt ?

1. Legge til rette for gode prosessar der vi saman kan sjå mulegheitene endringane vil gi
2. Ha openheit og gi god informasjon samt formidle at det er lov å stille kritiske spørsmål
3. Vere ein god støttespelar samstundes som kritiske spm vert stilt

Tenester

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**.

Korleis kan du som leiar sikre at dei fagleg ansvarlege har kompetanse til å definere eit forsvarleg tenestenivå slik at vurderingane vert mest mogleg lik på dei ulike arbeidsstadane?

1. Vere i tett dialog med den enkelte styrar – gå gjennom prosedyrer/sjekkliste vedk kva som er forsvarleg teneste i barnehagen
2. I denne prosessen godta at leiar må prioritere barna framføre administrasjon for å heile tida sikre forsvarleg teneste for barna

Lokalsamfunn

Herøy kommune ynskjer at innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv skal vere tilfredse med kommunen som tilretteleggjar, samfunnsbyggjar og tenesteytar.

Kommunen har målsetting om å vere :

- ei trygg kommune med god beredskap.
- ein open organisasjon som gir informasjon til innbyggerane.
- ein organisasjon som er samarbeids- og omstillingsvillig.

- ein organisasjon som fremjar godt omdømme.

I budsjettet for 2016 legg kommunestyret til rette for ei satsing på bustad- og næringsutvikling, kultur, opplevingar og omdømebygging.

Korleis skal du og di avdeling forsterke tiltaka som kommunestyret har lagt til rette for i 2016 ?

- 1.Barnehagane vere synlege i nærmiljøet og i media
- 2.Nøgde brukarar
- 3.Leiarar og tilsette med god evne til samarbeid og vilje til omstilling

Andre utfordringar i 2016:

- Sjukefråveret er framleis høgt i to av barnehagane
- Rekruttere og behalde pedagogane slik at vi er rusta for både dagens og framtida sine krav

Fosnavåg 20.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad

Laila K. Solhaug

ÅRSPLAN – MÅLKART 2016

AVDELING:Skuleavdelinga

MÅLSETTING

Kommunen sin visjon, *Herøy – ei båtlengd føre*, er offensiv og knyter historie og framtid saman. Gjennom identitetsbygging, skape felleskjensler og legge grunnlag for innovasjon skal ein gjere bevisste val på kva område ein skal vere i forkant.

På kva område skal avdelinga fylgje opp kommunen sin visjon og vere ein innovatør/spydspiss?

- 1. Systematisk skuleutvikling i tråd med «Strategi for 2015-18, Herøyskulen - ein los i leia». Felles arbeid 1.-10.årstrinn.**
- 2. Tverrfagleg samhandling til beste for elevane sin trivsel og læring.**
- 3. Bruk av digitale læringsverktøy, som Smartboard og IPad.**
- 4. Norskopplæring for minoritetsspråklege; innføringsgruppe og vaksne**
- 5. Ein kulturskule som ligg i front både på aktivitet, kreativitet og utvikling**
- 6. Ei systemretta PP-teneste, som i endå større grad deltar i skulane sitt arbeid for å fremje læring**

Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Korleis skal du som leiar bidra til at Herøy sin misjon vert ivaretatt gjennom avdelinga sitt daglege arbeid?

Arbeide for å sikre gode og trygge skular, der tilsette og elevar trivst og utviklar seg og der elevar og føresette blir møtt med respekt.

Sikre høg kompetanse i avdelinga, både ved nyttilsetjing, vidareutdanning og eigenutvikling.

Sikre godt omdøme, både internt og eksternt

Økonomi

Kommunestyret har lagt føringar for at avdelingane skal syte for streng prioritering i drifta, satse på tiltak som frigjev ressursar, leggje grunnlag for å byggje opp bufferfond og ta ut synergjar gjennom samarbeid.

Rammeinnsparinga på dei ulike avdelingane og nedbemanning av organisasjonen er ein føresetnad for kommuneøkonomien for 2016.

Korleis skal di avdeling bidra til at kommunestyret sine føringar og forventningar om ein reduksjon i budsjettet og nedbemanning vert gjennomført i 2016 ?

- 1. Fortsatt aktiv vurdering av forsvarlegheit før innsetjing av vikar og tilsetjing i vakansar**
- 2. Innkjøp av det ein MÅ ha**
- 3. Om nødvendig for å nå innsparingskravet, redusere undervisningstimar, og dermed redusere stillingar. Dette frå 1.august 2016.**

Organisasjon

Kommunestyret vil utvikle gode leiarar på alle nivå gjennom systematisk leiarutvikling og utvikle kompetansen til dei tilsette med bakgrunn i organisasjonen sitt behov.

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**. Kommunestyret ber vidare om at rådmannen i samarbeid med administrasjonen og dei tillitsvalde legg fram ein plan for reduksjon av lønsutgiftene/nedbemanning innan 01.03.2016.»

Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen.

Korleis skal du som leiar bidra til å motivere medarbeidarar til nødvendig endringar og legge grunnlag for at organisasjonen sine overordna målsetjingar vert ivaretatt ?

- 1. Informere om prosess, skape forståing for endringane**
- 2. Trygge medarbeidarar på at medverknad vert ivaretatt jfr. lov- og avtaleverk**
- 3. Trygge medarbeidarane på premissane**

Tenester

Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er **forsvarleg**.

Korleis kan du som leiar sikre at dei fagleg ansvarlege har kompetanse til å definere eit forsvarleg tenestenivå slik at vurderingane vert mest mogleg lik på dei ulike arbeidsstadane?

- 1. Dialog rundt omgrepet forsvarleg, sikre lik forståing. Elevane si læring og sikkerheit må stå i fokus for vurderinga.**
- 2. Etterspørje kva vurderingar den enkelte leiar gjer i ulike situasjonar**
- 3. Halde fram leiarutvikling, der leiarskap og påverknad er tema**

Lokalsamfunn

Herøy kommune ynskjer at innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv skal vere tilfredse med kommunen som tilretteleggjar, samfunnsbyggjar og tenesteytar.

Kommunen har målsetting om å vere :

- ei trygg kommune med god beredskap.
- ein open organisasjon som gir informasjon til innbyggjarane.
- ein organisasjon som er samarbeids- og omstillingsvillig.
- ein organisasjon som fremjar godt omdømme.

I budsjettet for 2016 legg kommunestyret til rette for ei satsing på bustad- og næringsutvikling, kultur, opplevingar og omdømebygging.

Korleis skal du og di avdeling forsterke tiltaka som kommunestyret har lagt til rette for i 2016 ?

- 1. I større grad arbeide for ei heilskapleg forståing av «vi-kommunen»**
- 2. Møte elevar, føresette og lokalsamfunn med respekt og openheit. Vere løysingsorienterte, innan dei rammer lov og reglement set.**
- 3. Vere handlingsdyktige og ryddige når uønskte hendingar oppstår. Vere i forkant med prosedyrar og bevisstheit.**
- 4. Vere ei open avdeling, med kontakt og samarbeid med arbeidslivet og lokalsamfunnet rundt.**

Andre utfordringar i 2016:

- Driftsikkert IKT-utstyr og støtte**
- Oppretthalde motivasjon, arbeidsglede og fokus på mandat i ei tid med endringsprosessar og omstilling**
- Kunne ha eit godt læringsmiljø, trass i fysiske og bygningsmessige utfordringar i fleire avdelingar**

Fosnavåg, 2.februar 2016

Olaus-Jon Kopperstad

Sølvi Lillebø Remøy